

REGLAR FOR BRUK AV ALKOHOLHALDIG DRIKK¹ PÅ ELVATUN. (Vedlegg til bruks- og ordensreglar for Elvatun ungdomshus)

Dersom det skal nyttast alkoholhaldig drikk i Elvatun er det reglar for når det vert kravd særskilt løyve til det. Dette er regulert i Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. § 8-9.

I lova heiter det at det **generelt er forbode** å drikke eller servera alkoholhaldig drikk utan særskilt løyve i lokale som allmenta til vanleg har tilgjenge til, i forsamlings- og festlokale og på anna stad der offentlege møte, festar, utstillingar og liknande. fin stad.

Forbodet vert oppheva dersom tilskipinga skjer som eit ”lukka lag”.

For at det skal vere eit lukka lag må desse vilkåra vere til stades:

- Lokalet må vere i bruk/leigast av **EIN privat person for eit ”privat føremål”** – t.d. bryllaup, jubileum, konfirmasjon.
- Dei som deltek må vere **personleg innbedne** og ha ein eller annan forbindelse til den som ber inn til samkome. Det er ikkje tilstrekkeleg at gjestene har sett seg opp på ei liste el.l.
- Tilskipinga skal avviklast **for leidgetakar si rekning**. Det kan ikkje krevjast noko form for betaling for å delta – heller ikkje indirekte t.d. ved førehandsbetaling eller at ein deltek under føresetnad av at ein har med mat (korgafest).
- Den som ber inn til samkome har kjøpt inn/er **ansvarleg for all alkoholhaldig drikk som vert nytta**.
- Tilskipingar i namnet til lag og organisasjonar med ope medlemskap når tilskipinga ikkje er av privat karakter (t.d. blåtur, medlemsmøte) stettar ikkje krava til nemninga ”lukka lag”. Det same gjeld t.d. grendalag og samkome for personar tilsette hjå same arbeidsgjevar – dvs. når det som knyter deltakarane saman er at dei er grannar el. at dei er kollegaer/arbeider på same stad.

Dersom tilskipinga stettar krava til ”lukka lag” kan det drikkast/serverast alkoholhaldig drikk utan særskilt løyve. Alkohollova sine reglar gjeld ikkje – heller ikkje reglar om skjenketid.

NB. Hugs likevel

- 18-års aldersgrense og reglar om langing til mindreårige.
- Politivedtekter om ro og orden.

Dersom den som leigar Elvatun og tilskipinga ikkje kjem inn under nemninga ”lukka lag”, kan det søkjast om **skjenkeløyve for einskildhøve**. Dette vert normalt innvilga slikt løyve, men det må søkjast minimum 10 dagar på førehand. Politiet skal gje fråsegn i saka og det må betalast eit løyvegebryr.

For meir informasjon om ”lukka lag”/løyvelaus skjenking og skjenkeløyve for einskildløyve – kontakt tenestetorget (56 52 70 00) eller helse- og sosialkontoret (56 52 70 51).

Lukke til med tilskipinga

¹ All drikk som inneholder meir enn 2,5 volumprosent alkohol.